

AVTALE  
om  
FAGLEG SAMARBEID OG PROSJEKT  
mellom

HØGSKULEN I VOLDA  
VOLDA KOMMUNE  
NORSK INNOVASJONSSENTER AS


Volda, 12.12 2024



Rektor



Ordfører



Styreleiar

## 1) **Partar**

Avtalen er inngått mellom partane: Høgskulen i Volda, Volda kommune og Norsk innovasjonssenter AS.

Partane har ulike samfunnsoppdrag som til saman utfyller kvarandre og gjer kvarandre til naturlege samarbeidspartar.

Volda kommune sitt samfunnsoppdrag er å levere tenester til innbyggjarane innanfor definerte rammer og lovkrav. I tillegg skal kommunen forvalte lover og reglar, og vere ein aktiv samfunnsutviklar, og sikre eit levande lokaldemokrati.

Høgskulen i Volda sitt samfunnsoppdrag er å skape og formidle kunnskap, bygge på demokratiske prinsipp og verdiar og bidra til eit høgt kompetansenivå og ei berekraftig utvikling i samfunnet. HVO sin visjon er «Kompetanse for eit betre samfunn».

Norsk Innovasjonssenter AS sitt samfunnsoppdrag er å vere ei drivkraft og ein arena for auka verdiskaping for academia, arbeids- og næringsliv og organisasjonar. Sørge for auka innsikt og kunnskap om globale utfordringar, med mål om reell tverrfagleg utvikling og innovasjon for velferdssamfunnet.

## 2) **Bakgrunn og formål**

Partane har ei felles målsetting om å etablere Norsk Innovasjonssenter i permanent drift i samsvar med sine strategi- og styringsdokument.

Høgskulen i Volda, Volda kommune og Norsk Innovasjonssenter ynskjer gjennom denne avtalen å leggje eit grunnlag for langsiktig fagleg samarbeid for å utvikle kompetanse, samt utvikle berekraftige og framtidretta løysingar, tenester og produkt.

Partane har som felles formål å utvikle og styrke løpande fagleg samarbeid for fornying og forbetring gjennom innovasjon, forskning og utdanning.

Høgskulen i Volda si interesse i samarbeidet er knytt til forskning, innovasjon og utdanning. Det vert spesielt lagt vekt på prosjekt for master- og bachelorstudentar innan ulike fag og kompetanseområde, samt utvikling av kurs-/studietilbod, doktorgradsarbeid og etter- og vidareutdanning.

Volda kommune ynskjer å styrke kunnskap og kompetanse innan fagområde som er viktige for kommunen sine langsiktige ambisjonar i samfunnsdelen i kommuneplanen, kommunen sine omstillingsbehov og utvikling av tenestene.

Norsk Innovasjonssenter AS skal vere ein fasilitator og koordinator for å utvikle innovasjonskulturen i privat og offentleg arbeidsliv, samt kople næring og academia til ein felles fagleg arena og i konkrete prosjekt. Norsk

Innovasjonssenter ynskjer å etablere metodikk for korleis bedriftene og kommunane i regionen, men også på landsbasis, kan samarbeide med Høgskulen i Volda spesielt og forskingsmiljøa generelt. Tilførsel av oppdatert kunnskap og spisskompetanse frå Høgskulen i Volda vil gi fortrinnsvis offentleg arbeidsliv, men også innafor visse felt, det private næringslivet vesentleg vekst. Norsk Innovasjonssenter har tre hovudoppgåver i samarbeidet:

- Prosjektutviklar og evt. prosjektleiar for konkrete prosjekt som partane initierer og set på dagsorden
- Fasilitere fagleg samarbeidsarena og gjennomføre faglege seminar og arrangement eller; utvikle fasiliteringsarena som avlar samarbeidsprosjekt, seminarer og arrangement for privat næringsliv og offentleg arbeidsliv, studentar og akademia forøvrig
- Mobilisere bedrifter, kommunar og andre offentlege aktørar til deltaking og koordinere aktivitetane

Volda skal vere ein arena for å utprøve samarbeidsmodellar med utgangspunkt i lokale og regionale fortrinn. Partane saman med offentleg og privat næringsliv i kommunen og regionen skal saman identifisere moglegheiter og søkje å realisere desse gjennom fokus på innovasjonsprosessar, kunnskapsutvikling og samhandling.

Denne avtalen er ikkje-eksklusiv og ikkje til hinder for at nokon av partane kan inngå samarbeid med andre.

### 3) **Målsettingar**

Høgskulen i Volda, Volda kommune og Norsk Innovasjonssenter AS ynskjer å styrke samarbeidsrelasjonane mellom kvarandre og aktørane i regionen for å kunne medverke til:

- Å tilføre relevant og oppdatert kunnskap og kompetanse til det offentlege og det private næringslivet i Volda og regionen gjennom forpliktande langsiktig samarbeid
- Samarbeide om å styrke Høgskulen i Volda som arena for forskingsbasert utdanning og kompetanseoverføring i Volda
- Å løfte fram Høgskulen i Volda og kva den kan tilby og bety for det offentlege og det private næringslivet i Volda og regionen
- Å tilføre Høgskulen i Volda ein ny arena for studentoppgåver, og der desse kan tilføre nyttig kunnskap omkring aktuelle problemstillingar i kommunen, bedrifta eller samfunnet.

- Å etablere ein modell for kontinuerleg tovegs kompetanse- og kunnskapsoverføring mellom Høgskulen i Volda og regionen
- Å utvikle ein innovasjonskultur og innovasjonsstruktur i voldamiljøet og regionalt
- Å utvikle nye berekraftige framtidretta løysingar, tenester og produkt
- Å identifisere og utvikle forskings- og innovasjonsprosjekt som kan oppnå finansiering frå eksterne kjelder

#### 4) **Samarbeidsområde**

Gjennom forskning, innovasjon og utdanning skal partane vidareutvikle berekraftige og framtidretta løysingar, tenester og produkt innan område der Volda og regionen har naturlege føresetnader og utfordringar. Det er på desse områda at potensialet for utvikling og vekst først og fremst ligg:

- Kommunal omstilling og tenesteutvikling
- Kunstig intelligens og digitalisering
- Etter- og vidareutdanning
- Media og kommunikasjon
- Innovasjonskultur og innovasjonsstruktur
- Tverrfaglege program

Undervegs i samarbeidet kan det vere aktuelt å starte opp aktivitet og prosjekt også på nye område.

#### 5) **Døme på verkemiddel**

##### 5.1 Kompetanseutvikling

- master- og bacheloroppgåver
- doktorgradsprosjekt
- prosjektoppgåver og undervisningsopplegg
- samarbeid i forskings- og innovasjonsprosjekt
- seminar, konferansar, workshops og andre arrangement på tvers av fag og bransjar
- internship-pool (kople arbeidslivet og høgskulen gjennom studentpraksis)

For prosjekt og arrangement vert det inngått særskilt avtalar.

## 5.2 Innovasjonsarena

Eigarskap og forankring av avtalen hos fagmiljøa ved Høgskulen i Volda er viktig for at avtalen skal få effekt. Norsk innovasjonssenteret er ein sentral arena for innovasjon. Her skal offentleg og privat arbeidsliv saman med tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda møte ulik kompetanse og innovasjonsmiljø.

### 6) **Konfidensialitet**

Samarbeidet om master-/bacheloroppgåver vert gjennomført i samsvar med til kvar tid gjeldande reglement og retningsliner ved Høgskulen i Volda. Desse regulerer kommunen, bedrifter, studentar og faglærarar sine rettar med omsyn til konfidensialitet, økonomisk utnytting av resultat, patentrettar og tvistar.

### 7) **Styringsgruppe**

Det vert etablert ei styringsgruppe for samarbeidet. Styringsgruppa er samansett av inntil 2 personar frå kvar avtalepart utpeikt av partane. Møre og Romsdal fylkeskommune vert invitert til å delta i styringsgruppa.

Partane kan erstatte sine representantar med nye og oppnemner fortløpande ansvarlege kontaktpersonar for alle prosjekt og tiltak som vert iverksett innanfor ramma av samarbeidsavtalen. Desse kontaktpersonane eller andre kan inviterast til møte i styringsgruppa.

Styringsgruppa møtest normalt 4 gonger i året og har hovudansvaret for oppfølging av avtalen. Dette inneber m.a å diskutere status for og hovudlinene i det vidare arbeidet.

Avtalen skal evaluerast årleg.

### 8) **Varigheit**

Intensjonen er at partane etablerer eit langsiktig samarbeid. Avtalen skal reforhandlast når Norsk Innovasjonssenter vert etablert i lokalet på høgskuleområdet (Aasenkvartalet).

Kvar av partane kan seie opp avtalen med eitt års varsel og tre ut av avtalen 31.12 i kalenderåret året etter varselet vart sendt. Dersom ein part seier opp avtalen, er ein forplikta til å fullføre alle avtalte konkrete prosjekt/tiltak innanfor dei rammene som er avtalt for desse.

8) **Tvistar**

Dersom det skulle oppstå tvist om tolkinga eller gjennomføringa av denne avtalen, skal tvisten i utgangspunktet søkjast løyst gjennom forhandlingar.